

Reglar for kennel på Tveit Vidaregåande Skule

1. Alle har ansvar for eiga fôring. Hunden skal luftast morgon, ettermiddag og kveld.
2. Eigiar har ansvar for reinhald i hundegarden. Avføring må fjernast straks.
3. Fellesrom skal vere ryddig. Det skal vaskast to gonger pr. veke. Det vil bli sett opp vaske- og ryddelister.
4. Dersom det blir aktuelt å dele garde med ein annan hunde-eigar, betaler likevel kvar hunde-eigar full pris for sin hund.
5. Saman med søknaden skal det medfølgast vaksinasjonsattest, som ikkje skal vere over eitt år gammal. Hunde-eigar er forplikta til å behandle hunden sin for involls-orm, lus o.l. ved behov.
6. Hundar under seks månadar tas i utgangspunktet ikkje inn i kennelen.
7. Alle hundar over ti månadar bør ha hatt straumkurs. Unntaket er gjeterhundar.
8. Det skal hengast opp skilt på dørene med namn på hund, eigar og eigar sitt telefonnummer.
9. Det er kun eigar, kennelansvarleg og tilsette ved skulen som har adgang til hundegardane.
10. Det skal ikkje vere hundar i kennelen i helgene. *Unntak: dersom du også har hest og har stallvakt same helga, eller etter avtale med husmor eller kennel-ansvarleg.*
11. Dersom ein hundeeigar ikkje gjere jobben sin som ordensmann/-kvinne, får vedkommande skriftleg varsel. *Etter tre skriftlege åtvaringar kan hunden utvisast frå kennelen. Innbetalt månadsleige blir ikkje refundert.*
12. Dei som leiger plass i kennelen skal følge regler og anvisningar frå den som har ansvaret i kennelen.
13. Dersom ein hund i kennelen viser seg å vere farleg for andre hundar/dyr/menneske eller at eigar ikkje klarer å ha kontroll over hunden sin, kan den bli vist ut frå kennelen og miste plassen sin. Innbetalt månadsleige blir ikkje refundert.
14. Alle som har hund i kennel må møte på kennelmøter. Tre gonger ugyldig fråvær fører til skriftleg åtvaring.

Det er båndtvang i Tysvær kommune heile året. Elles gjelder norsk lov om farlege hunderasar og dyrevern. Me oppfordre alle som har hund i kennelen å lese Hundeloven og lov om dyrevelferd (www.lovdata.no). Ta med pose når du lufter hunden. Me som går på ein naturbruksskule må vise at me tar ansvar for at det skal vere fint for alle som ønsker å ferdast ute i naturen. Det er også viktig å vise hensyn når me møter andre mennesker som kanskje er redd for hundar.

Eg har lese og forstått reglementet og vil følge dette. Brot på reglane kan føre til utvising av hunden frå kennelen.

Stad/dato _____

Underskrift elev (og føresette dersom eleven er under 18 år)

Underskrift frå skulen sin representant